

Kartverket
Christian Mathiesen
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Dykkar ref.
09/02056-77

Vår ref.
23/547-9/LLH

Dato
28.06.2024

Seljord kommune - namnesak 2023/159 - Heggnes/Heggneset - tilråding

I samband med oppretting av nye verneområde har Kartverket, etter ønske frå Språkrådet, reist namnesak på bruksnamnet *Heggnes/Heggjeset/Heggneset* og avleidde namn i Seljord kommune. Kommunen har gjennomført høyringsrunde, men har ikkje fått inn fråsegner. Kommunen sjølv har heller ikkje uttalt seg i saka.

Nr.	Namn	Objekttype og evt. gnr/bnr	Saksopplysningar og tilråding KV = Kartverket
1	Heggnes Heggjeset	Fellesnamn for bruk 7/7 og 8/6	<p>KV: Vi finn skrivemåten Heggjeset på gradteigskart frå 1938 og 1958 mfl. og på Norge 1:50 000 frå 1952. Vi finn skrivemåten Heggnes på Norge 1:50 000 frå 1985 og 2004 mfl. og på økonomisk kartverk frå 1978. Heradsregisteret (1944) har oppslagsforma Heggjeset og uttalen heg`gæne:sæ, og bustadnamnarkivet (1955) har oppslagsforma Heggnes og uttalen heđ`dæne:sæ.</p> <p>Bruksnamna er ikkje registrerte i <i>Norske Gaardnavne</i>. I bygdeboka av Tov Flatin frå 1945 (band II) er <i>Heggnes</i> oppført under gardene Strond og Vidfall (gnr 7 og 8). I Seljord IV: Ættesoge for hovudsoknet (Odd Karlberg, 2003) har gnr/bnr 7/7 navnet HEGGENESET øvre og gnr/bnr 8/6 namnet HEGGENESET nedre.</p> <p>Tilråding: Heggneset. Uttaleopplysningane og oppføringane i bygdebøkene tilseier skrivemåte i bunden form. Det er rimeleg å anta at forleddet i namnet er trenemnet <i>hegg</i>, og vi tilrår difor skrivemåten <i>Hegge-</i> utan j i samsvar med rettskrivinga. Regelverket opnar for skrivemåten <i>Heggje-</i> i samsvar med uttalen (jf. Kartverkets vedtak om skrivemåten <i>Heggjeset</i> i Nore og Uvdal), men ettersom det ikkje har kome ønske om denne skrivemåten, tilrår vi å nytte rettskrivingsforma.</p>

2	Øvre Heggenes Heggenes øvre	Bruk 7/7	KV: Sjø og løpenr. 1. Heggenes øvre på økonomisk kartverk fra 1978, i matrikelutkastet 1950 og i dagens matrikel. Tilråding: Øvre Heggeneset , jf. namn nummer 1. Utmerkingsleddet bør stå føre hovudnamnet i samsvar med vanlig namnelaging.
3	Heggenes	Festetomt 7/7/1	KV: Sjø og løpenr. 1. Heggenes i dagens matrikel. Tilråding: Heggeneset , jf. namn nummer 1.
4	Nedre Heggenes Heggenes nedre Heggenes	Bruk 8/6	KV: Sjø og løpenr. 1. Heggenes nedre på økonomisk kartverk fra 1978. Heggenes i 1886-matrikkelen, 1905-matrikkelen, matrikelutkastet 1950 og i dagens matrikel. Tilråding: Nedre Heggeneset , jf. namn nummer 1 og 2.
5	Heggeneset	Bru på riksveg 36	KV: Heggeneset på Statens vegvesens kart av ukjent dato. Tilråding: Heggeneset , jf. namn nummer 1
6	Heggeneskilen	Vik	KV: Heggeneskilen på økonomisk kartverk fra 1978. Tilråding: Heggeneskilen , jf. namn nummer 1
7	Vesleheggjeneset	Nes	KV: Vesleheggjeneset på økonomisk kartverk fra 1977. Tilråding: Vesleheggjeneset , jf. namn nummer 1.
8	Heggestaul	Gammel bosettingsplass	KV: Heggstaul på økonomisk kartverk fra 1977 Tilråding: Heggestaul
9	Heggestaulnuten	Ås	KV: Heggjestølnut på gradteigskart fra 1938 og 1958 mfl. og på Norge 1:50 000 fra 1952. Heggestaulnuten på Norge 1:50 000 fra 1985 og 1993. Heggestaulnuten på økonomisk kartverk fra 1977 og på Norge 1:50 000 fra 2004 og 2012. Heradsregisteret (1944) har oppslagsforma Heggjestølnut og uttalen heḡḡstøulnut. Tilråding: Heggestaulnut . Ubunden form i samsvar med uttalen i Heradsregisteret.

Vennleg helsing

Rune Røsstad
namnekonsulent

Daniel Gusfre Ims
avdelingsdirektør

Line Lysaker Heinesen
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Kartverket	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
------------	-------------------------	------	----------

Kopi til:

Rune Rosstad